50 øyrar


NORSKE MAALFØRE I

SPARBU-MAALET

VED

KARL BRASET

OSLO 1903
STUDENT-MAALLAGET HEV GJEVE DET UT.
HJAA OLAF NORLI





SPARBUMAALET

NORSKE MAALFØRE I

SPARBU-MAALET

VED

KARL BRASET



OSLO 1903
STUDENT-MAALLAGET HEV GJEVE DET UT

S. & JUL SØRENSENS PRENTEVERK.

Fyremæling.

Det maalføret eg her kallar Sparbumaalet, vert tala i Sparbu, ei bygd inne paa Innherrad i Trøndelag.

Maalføret hev ei mengd med bøygningsformer, og dette arbeidet kan eg næmare kalla ei uppskrift av bøygningsformerne i Sparbumaalet.

Dei beste formerne er plent like med bøygningsformerne i det norske skriftmaalet, naar ein ser burt ifraa den skilnaden det alltid vil vera millom eit talemaal og eit bokmaal.

Med framsyningi av bøygningsmynsteri her i Sparbumaalet fylgjer jamsides dei tilsvarende mynster i det norske skriftmaalet, so ein kan sjaa likskapen og skilnaden millom deim samstundes.

Av alt som skil er det noko med det vigtigaste, at dei vokal-endande mangstavingsordi i kvendkyn hev kløyvt seg i tvo flokkar. For so like er baae maali paa andre stelle, at eg utan tvang hev kunna nytta „Maallæra“ til prof. M. Hægstad som beingrind og berre fyllt i med Sparbumaal.

Men størst likskapen med landsmaalet finn ein i dei gode, gamle ord og ordlag, som vert bruka støtt og stendigt i aalvor som i gaman, i vyrkja som i helgi.

Mot dette ordfanget er dei danske og framande ordi maalføret hev teke upp i seg, faa og av lite verd; dei hev snarare vore til skade for det enn til bate. Det er lite vinning for eit maalføre i slike uklaare ord som: oppsalver — opstanasi — komeli — remeli o. s. b., eller med ord som: væsen — egoistisk — ubestemt, naar ein hev gamle maalande ord som: bragdi — sjølgod — tyitenkt, med ei tydning som er klaar for alle.

Sparbyggjerne hev sjølv set dette, og dei fann det var turvande aa styrkja det beste i maalet sitt, og dei tok norskt maal i bruk i skularne.

Og eg vil faa segja, det var meg ei gleda aa skriva upp mange av desse bøygningsformerne, som eg legg fram i dette arbeidet her, og som eg som sparbyggje hev bruka fullt logrett i mange aar utan at eg sjølv hev visst um det. Dei vil no truleg verta gløymde etterkvart.

Namnordi.

Namnordi kløyver seg som i landsmaalet i dei tri flokkarne: mannkynsord, kvendkynsord og inkjekynsord.

Namnordi vert bøygde, og bøygningi er som i landsmaalet ymis for dei ymse kyn. Bøygningi er ogso ymis for ord som endar med samljod, og ord som endar med vokal, eller hev halde paa tvostavings tonelag og mist endevokalen som dei linne kvendkynsordi.

Kvendkynsord som hev halde paa endingsvokalen etter jamvigtslogi, hev serskild bøygning.

Inkjekynsordi hev *i* og *n* i sidefall (dativ) eintal.

Mannkynsordi.

Dei som endar med samljod, vert bøygde som *baat,* baat, med nokre avbrigde for sume ord.

Baat heiter i dei ymse fall:

i eintal	i fleirtal
baat, baat	*baata,* baatar
baat'n, baaten	*baatan,* baatarne
baata),* (baate)	*baataam,* (baatom)

Eigefallet (genitiv) vert umskrive og berre nytta

*) med einstavings tonelag.

i ordlag og samansetningar t. d. *te baass,* til baats og *baasslængn,* baatslengd.

Bøygning som *baat* hev:

aal, aal; *fesk,* fisk; *hæsst,* hest; *ødd,* odd; *reng,* ring; *stol,* stol; *spil,* spegel, og fleire andre ord som i landsmaalet hev -er t. d. *gaang,* gong; *maan,* mun; *le,* led; *rygg,* rygg; *rökk el. rykj,* rykk; *støng,* styng; *vev,* vev; *væg,* veg.

Ord som endar med ***el*** og sume paa ***er*** utstøyter ***e***, naar det etter ***el*** og ***er*** kjem ein ***a*** t. d. *fauggel,* fugl, fl. *fauggla; næggel,* negl, fl. *nægglä; angel,* fl. *angal; vinnter*),* fl. *vinntra,* og ordet *seter* som i landsmaalet er kvendkynsord, fl. *setra.*

U og ***aa*** held seg framfor ***l*** i t. d. *stuppul,* fl. *stuppula; kuppul,* fl. *kuppula; kaangaal,* fl. *kaangaala; aangaal,* ongul, fl. *aangaala (aangaal* eldre form for *angel).* Likeins hev ***aa*** halde seg framfor ***r*** i t. d. *haammaar,* hamar, fl. *haammaara; saammaar,* sumar, fl. *saammaara,* sumrar.

Som *baat* gjeng og nokre ord som i landsmaalet er kvendkynsord t. d. *pil,* fl. *pila; vænning,* vending, fl. *vænninga; jærning,* gjerning, fl. *jærninga,* og fleire.

Ordi *dag* og *væg* hev denne bøygningi: *dag; da'n,* dagen; *dagja,* (dage)**), *daaggaa,* dagar; *daaggaan,* dagarne; *daaggaam,* (dagom); *væg,* veg; *vein,* vegen; *veia,* (vege); *vaaggaa,* vegjer; *vaaggaan,* vegjerne; *vaaggaam,* (vegom); (ordet *væg* gaar ogso logrett, sjaa ovanfyre).

Nokre ord fær ***-i*** for ***-a*** i fleirtal; ***g*** og ***k*** vert i sidefall fleirtal ofte ikkje linne t. d.

---

*) dd, ll, nn og tt er i-fengne eller hev i-ljod i seg, naar ikkje anna er nemnt.

**) gj vert uttala som j og ggj som jj.

vægg, vegg	*veggji*, veggjerne
veggjen, veggen	*veggjin*, veggjerne
veggja, (vegge)	*veggjaam* / *væggaam* (veggom).

Soleis: *bækk*, bekk; *bænk*, benk; *flækk*, flekk; *hægg*, hegg; *klægg*, klegg; *lægg*, legg; *sækk*, sekk; *dræng*, dreng;*) *væng*, veng; *stræng*, streng; *vænn*, (ikkje i-ljod i nn), ven; *lætt*, lit; *rætt*, rett.

Nokre ord fær *-i* i fleirtal og samstundes ljodbrigde t. d. *saann*, son (nn ikkje i-fengen), fl. *sønni*, andre *-(e)r* og ljodbrigde t. d. *mann*, fl. *menner;* i sidefall fl. *mennraam; bror*, fl. *brör*.

Mange av desse ordi hev fenge bøygning som *baat* t. d. *fot*, fl. *fota; spon*, spon, fl. *spona ; far*, fl. *fara*, i landsmaalet føter, spøner og feder.

Mangstavingsord som endar med vokal vert bøygde som *enni*, ende:

i eintal	i fleirtal
enni, ende	*enna*, endar
ennin, enden	*ennan*, endarne
enna, (enda)	*ennaam*, (endom)

Andre døme er *gahlti*, galte; *ørni*, (ogso *ørn* i ubundi form), ørn; *eini* (ogso *ein* i ubundi form), eine; *skuggi*, skugge; *bakki*, bakke, og fleire. *Hani*, hane, hev fenge bøygingi: *hani; hanin*, hanen; *hania*, (hana); *hania*, hanar; *hanian*, hanarne; *haniaam*, (hanom). Soleis *nassi*, nase; *saallaa*, sæle; *saallaan*, sælen; *saallaa'a*, (sæla) osfr.; *haarraa*, hare; *haga*, hage, og andre, og ord paa -na, -nad t. d. *maana*, maanad, fl. *maana'a*, maanader. — *Bon*, bonde, fær ikkje ljodbrigde men heiter i fl. *bona*, bønder.

*) *dræng*, *væng* og fleire paa -ng heiter i bundi form drengjen, vengjen, og *ngj* vert her uttala som i-fengen nn.

Kvendkynsordi.

Kvendkynsord som endar med samljod fylgjer *skaal,* skaal, i bøygningsformerne sine.

i eintal	i fleirtal
skaal, skaal	*skaali,* skaaler
skaala, skaali	*skaalin,* skaalerne
skaal'n (skaalenne)	*skaalaam,* (skaalom)

Andre døme er *bøgd,* bygd; *fil,* fil; *naal,* naal; *dør,* dør; *mark; marka* eller *markja; markjen* (markenne), *markji,* marker; *markjin,* markerne; *markaam,* (markom).

Slik gjeng og dei fleste ordi som i landsmaalet hev *ar* i fleirtal t. d. *ælv,* elv; *grinn,* grind; *hei,* heid; *hælg,* helg; *kleiv,* kleiv; *kvenn,* kvern; *rør,* røyr; *sill,* sild; *øy, øy.*

Aksel, oksl, fl. *aksli,* aksler.

Kvendkynsord paa ***ing*** fær i fleirtal *a: meining,* fl. *meininga*; *senning,* sending; *henning,* hending, o. a.

Ord som *reim* og *myr* hev eintal som *skaal,* fleirtal som *vis,* visa, (sjaa nedanfyre): *myr; myra,* myri; *myrn,* (myrenne); *myraa,* myrar; *myraan,* myrarne; *myraam,* (myrom).

Dei linne kvendkynsordi hev kløyvt seg i tvo flokkar.

1. Kvendkynsord med lang fyrste-staving hev kaste ***a***-endingi i ubunde hovudfall (nominativ) eintal og hev bøygingi *):

i eintal	i fleirtal
vis, visa	*visaa,* visor
visa, visa	*visaan,* visorne
visaan, (visonne)	*visaam,* (visom)

Soleis gjeng mange ord som: *klaakk,* klokka;

---

*) Alle ordi som høyrer til denne flokken hev tvostavings tonelag.

veikj, vækja; *duv,* duva; *ryp,* rjupa; *hys,* hysa; *tikj,* reva; *bengs,* bingsa; *bøl,* „byrda“; *rus,* rusa (=røys); *aar,* „aara“, (ogso fl. *aari*); *gro,* „groa“(=gro); *telj,* tilja; *vij,* vidja; *flynner,* flundra.

Same bøygingi fær ogso nokre andre ord som: *mor; søster,* syster; *døtter,* datter, som i fleirtal hev formerne *moraa,* møder; *søstraa,* syster; *døttraa,* døtter, og nokre inkjekynsord i landsmaalet som i Sparbu hev vortne til kvendkynsord: *au,* auga, fl. *auaa,* augo; *ør,* øyra, fl. *øraa,* øyro; *nyr,* nyra, fl. *nyraa,* nyro; og *æppel,* eple, fl. *æpplaa,* eple.

2. Kvendkynsord som hev halde paa endingsvokalen etter jamvigtslogi.

i eintal	i fleirtal
vukku, vika	*vukkua,* vikor
vukku, vika	*vukkuan,* vikorne
vukkun, (vikonne)	*vukkuaam,* (vikom)

(Ungdomen brukar helst formi *vækka,* som er Fosn-maal).

Soleis gjeng: *furru,* fura; *turru,* tvora; *hollo,* hola; *hosso,* hosa; *kaannaa,* kona, og fleire. *Selli,* *) selja, hev i bundi form eintal *sellia,* selja.

Kvendkynsord med ljodbrigde i fleirtal: *tann,* tonn; *tanna,* tonni; *tann* (dativ eintal); *tenner,* tenner; *tennern,* tennerne, og *tennra; tennraam* (dativ fleirtal). Soleis: *hann,* hand, fl. *henner,* hender; *rann,* rand, fl. *renner,* render; *staang,* stong, fl. *stænger,* stenger. *Bok,* fl. *bøker; natt,* fl. *netter*; *rot,* fl. *røtter,* røter. Ordi: *klo,* fl. *klør; taa,* fl. *ter,* tær; *ku,* fl. *kjyr,* kyr; *kraa,*fl. *kraai,* kræer, hev i sidefall fleirtal *kløm; tem,* tæom; *kjym,* kuom; *krem,* kraaom.

---

*) ll utan i-ljod.

2

Inkjekynsordi.

Dei ordi som endar med samljod vert bøygde som *aar*, aar:

i eintal	i fleirtal
aar, aar	*aar*, aar
aare, aaret	*aara*, aari
aari, (aare)	*aaraam*, (aarom).

Eigefall: *te aars*, til aars.

Soleis: ***bol***, bord; *dyr; fat; glas*. Og likeins er bøygningi for inkjekynsord som i landsmaalet hev endingi ***-e*** og ***-a***. Tvostavings tonelaget er halde t. d. *mærkj*, merke; *hynn*, hyrna; *nøsst*, nysta; ***jalt***, hjarta. Fleire ord av dette slaget er vortne kvendkynsord, sjaa ovanfyre.

Dei inkjekynsordi som endar paa vokal fær i sidefall endingi ***-n*** og ikkje ***-i*** t. d. *tre*, sidefall *tren; kne*, sidefall *knen; høy*, sidefall *høyn; bla*, blad, sidefall *blan*, og *hau*, hovud, sidefall *haun*.

Um dei ymse fall (eller kasus).

Sidefall er i full livande bruk. Soleis brukar dei jamleg sidefall:

1. til aa merkja ut kven det er som gjerningi i setningi hev umsyn til: *Hann ga guta* (gute) *mat*.
2. etter sume gjerningsord i alle høve t. d. etter *følj*, fylgja; *gangn*, gagna; *jølp*, hjelpa; *høv*, høva; *lengn*, likna; *ly*, lyda; *sømm*, søma; *tjen*, tena; *melk*, (kjym), mjølka; *jet*, gjæta, og fleire.
3. etter nokre eigenskapsord: *Hann e lik aam* (honom); *kvett*, kvitt; *ulik; fri;* men ikkje etter *redd: hann e redd honnan*, han er rædd hundom.

4. etter dei fleste styreordi (sjaa nedanfyre).

Eigefallsformi av namnordi vert berre bruka i faste ordlag, soleis: Eigefallsformi paa ***s*** i t. d. *i aars ti,* eit aars tid; *annsmanns hus,* annan manns hus. Etter styreord: *te kvells,* til kvelds; *utaskjærs,* utanskjærs. Ogso i kvendkynsord brukast ***s*** i slike høve: *utabøgdes*, utanbygdes.

Eigefall vert no umskrive med styreord og pronomen som i landsmaalet: *hann to(k) pængan aatt manna,* han tok pengarne til mannen; *mann'n sin pæng*, mannen sine pengar; *pængan hanns Ola*, pengarne hans Ola; *de va Ola sinn*, det var Ola sine.

Styreordi tek visse fall (eller kasus).

1. Eigefall tek: *te,* til; *uta,* utan.
2. Sidefall tek: *Taa,* av; *aatt,* aat; *ætti,* etter; *fraa: ferr,* for; *me,* med; *myllaam,* millom; *mot.*
3. Underfall (akkusativ) tek: *ut'n,* utan; *jønnaam,* gjenom; *omm,* um.
4. Sidefall og underfall tek } *Ferri,* fyre; *ti* eller *i,* i; *paa; ponn,* under; *aaver,* yver.

Me brukar underfall, naar det er tale um ei rørsla framum og burt til einkvar eller eitkvart.

Eigenskapsordi.

Bøygningsformer.

Dei former av eigenskapsordi som i landsmaalet skal hava endingi ***-e*** (i bundi form eintal og i fleirtal) hev i Sparbumalet ingi ending, men hev halde paa tvostavings tonelaget.

Deretter vert bøygningi: *ein* el. *enn**) *rik mann,* ein rik mann; *ei* el. *i rik veikj,* ei rik vækja; *eitt* el. *i rikt følk,* eit rikt folk; *rik menner,* rike menner; *denn rik mann'n,* den rike mannen; *den rik veikja,* den rike vækja; *de rik følkje,* det rike folket; *de rik mennern,* dei rike mennerne. Etter det bundne kjenneordet vert det helst bruka samandregne former: *denn rikmann'n; de storhuse; de rikmennern.*

Eigenskapsordi paa ***-in*** vert bøygde soleis etter det ubundne kjenneordet og som prædikatsord: *opin,* open — *opin,* opi — *opi(gt),* ope — *opin,* opne.

Etter det bundne kjenneordet:

Opi(n), opne — *opi(n),* opne — *opi,* opne — *opi(n),* opne.

Sameleis vert andre ord paa ***-in*** bøygde, som: *svaahltin,* svolten; *matin,* svolten; *nakjin,* naken; ***hølin,*** innhol; *vassin*; *sannin,* „sanden“; *hatin,* hatig; *sotin,* sotutt.

Lit'n og *eigjen* hev serskild bøygning; *ein* eller *enn lit'n gut,* ein liten gut; *ei* eller *i lita veikj,* ei liti vækja; *eitt* eller *i lite ban,* eit lite barn. I dei andre former: *lihl,* litle — *lihlguten, lihlveikja* o. s. br. *Eigjen,* eigen, vert bøygd soleis: *minn eigjen,* min eigen; *mi eigja,* mi eigi; *mett eigje,* mitt eige; *minn eigjen,* mine eigne.

Eigenskapsordi hev ymse former i dei ymse fall (sjaa nedanfyre).

Likningsformer.

Eigenskapsordi (og dei utfyllingsordi som hev likningsformer) hev tvo samanlikningsformer: anten ***-ar*** for høgregrad eller *-er,* og anten ***-ast*** for høgstegrad eller ***-est.***

---

*) nn utan i-ljod.

(Høgregradformi ***-er*** og høgstegradformi ***-est*** hev lettast bøygning og vert difor mest bruka).

Bøygningi vil ein sjaa av dette mynstret:

	høgregrad		høgstegrad	
lett, lett	*lettar* / *letter*	lettare	*lettast* / *lettest*	lettast
varle, varleg	*varlear* / *varleer*	varlegare	*varleast* / *varleest*	varlegast

Nokre hev ljodbrigde og berre ***st*** i høgstegrad. *Ong,* ung; *önger,* yngre; *öngst,* yngst; *stor,* stor; *stör,* større; *stösst,* størst; *lang,* lang; *længer,* lenger; *længst,* lengst. Soleis: *smaa, tong,* tung, og *laag.*

Nokre hev ny rot i høgregrad t. d. *on,* ond; *vær,* verre; *værst,* verst; *go,* god; *ber,* betre; *bæsst,* best; *lit'n,* liten; *minner,* mindre; *minnst,* minst; *my,* mykjen; *meir,* meir; *mæsst,* mest; *mang,* mange; *fleir,* fleire; *flesst*),* flest; *gammel,* gamall; *eller,* eldre; *ellst,* eldst.

Nokre hev ingi grunnform t. d. *iner,* indre; *inest,* inst; *ner,* nedre; *nesst,* nedst; *ytter,* ytre; *yttest,* ytst; *øver,* øvre; *øvst,* øvst. Like eins: *ater,* attare; *fræmmer,* fremre; *sør,* sud; *sører,**)* sødre; *sørest**)*. *øyster,* øystre; *væster,* vestre.

Ord som endar paa *-aatt,*- utt, hev likningsformer som dei hine eigenskapsordi: *krokaattar* eller *krokaatter,* meir krokutt; *fræmmen,* framand; *fræmmenar,* meir framand.

Baade grunnformi og høgre- og høgstegradsformerne vert bøygde i kyn og tal i dei ymse fall, naar eigenskapsordet hev det bundne kjenneordet framfor seg eller stend utan avmerkjingsord, og namnordet

---

*) for *flesst* vert jamnast bruka fjø*l*gast eller fjø*l*gest.

**) eller *søer* og *søest.*

ikkje stend til, men berre er tenkt attum (substantivisk bruk).

Soleis:

	I mannk.	i kvendk.	i inkjek.	i allek. fl.
	storin	*stora*	*store*	*storan*
Sidefall:	*stora*	*storaan*	*stori*	*storaam*
	lihlin	*lihla*	*lihle*	*lihlan*
—„—	*lihla*	*lihlaan*	*lihli*	*lihlaam*
	letterin eller *lettern*	*lettera*	*lettere*	*letteran*
—„—	*lettera*	*letteraan*	*letteri*	*letteraam*

Desse formerne brukar me soleis: *ta itt lihlhaammaarn menn* ***storin***, tak ikkje litlehamaren men den store. *Va e lihlveikja? Nei, de va* ***stora.*** Var det litle vækja? Nei, det var den store. *Hi du mat aat* ***smaa-aam****?* Hev du mat aat dei smaae? — *Saag du denn* ***høgin****?* Saag du den høge? *Der kjæmm a denn* ***blia****!* Der kjem ho den blide (gjenta)*).

(Legg merke til, at desse endingarne kjem fram i bøygningi av pronomen og talord).

Pronomeni.

Dei personlege pronomeni.

Dei pronomeni den talande brukar um seg sjølv, til ein, um ei og um eit er:

i hovudfall:

æ, *æg*	eg	*hann*, *enn***), *'n*	han	*hu*, *a'*	ho	*de*, *'e*	det
du,	du						

i eigefall:

hanns, hans — *hennes,* hennar — (*tess*, til dess)

*) Sjaa *Fosnamaalet* (av *Idar Handagard*) s. 7.
**) *enn* utan i-ljod.

i sidefall:

mæ *mæg*	meg	*hannaam*)* *'aam*	honom	*henn* *'n*	henne	*di* *i*	det
dæ *dæg*	deg						

i underfall:

mæ *mæg*	meg	*(hann)* *enn*)* *'n*	han	*hu* *'a*	ho	*de* *'e*	det
dæ *dæg*	deg						

Dei pronomeni dei talande brukar um seg sjølve, til andre og um andre er:

i hovudfall:	*vi,* me	*di,* de	*dæmm,* dei
i eigefall:		*daakkes,* dykkar	*dærres,* deira
i sidefall og underfall	*aas,* oss	*daakk,* dykk	*dæmm,* deim.

Formerne: *hannaam, (hann), henn, hu, di* og *de* vert bruka med ettertrykk.

Formerne: *'n, 'a, 'e* vert bruka etter eit anna ord som attpaaheng: *dæmm aat 'e,* dei aat det.

Det ***atterverkande*** pronomen heiter *sæ* eller *sæg,* seg. *Hann ga sæ(g),* han gav seg; *dæmm gle sæ(g),* dei gled seg. Skyldt med *sæ(g)* er: *kvalt-anna,* kvart-anna; *kvalt-anner* og *kvar-anner*, kvarandre, og *enann,* einannan. *Dæmm jikk aat 'nann,* dei gjekk til einannan *(nn* utan i-ljod i *kvalt*-anna).

Eigedomspronomeni hev kasta endingi ***e*** i fleirtal, og pronomenet „vaar“ hev formi *vaarres* i alle høve, elles vert dei bøygde som vanleg.

---

*) nn i *hannaam* og i *enn* utan i-ljod

I mannk.	i kvendk.	i inkjek.	i allek. fleirtal
minn, min	*mi,* mi	*mett,* mitt	*minn,* mine
dinn, din	*di,* di	*dett,* ditt	*dinn,* dine
sinn, sin	*si,* si	*sett,* sitt	*sinn,* sine
vaarres, vaar	*vaarres,* vaar	*vaarres,* vaart	*vaarres,* vaare.

Bruka aaleine utan namnord til (substantivisk) heiter eigedomspronomeni: *minn* el. *minn sinn*; *dinn* el. *dinn sinn*; *hans sinn* osfr. med kynsbøygning for baae ordi, *mi si; mett sett* osfr. *Kenn de e si bok? de e mi si.* Kven si bok er det? det er mi.

Dei peikande pronomeni.

Bruka ilag med eit namnord (adjektivisk) heiter dei peikande pronomeni: *denn*); henn; de-denn; de-henn; denn-denn; denn-henn; henn-henn* — i alle kyn i eintal og fleirtal. I eintal inkjekyn ogso *de,* det, og i fleirtal ogsaa *de,* dei.

Bruka utan namnord til (substantivisk) heiter dei peikande pronomeni:

	i mannk.	i kvendk.	i inkjek.
	denn / *dennin* } den, denne	*denna* } denne, den	*de* / *denne* } det, dette
			i allek. fleirtal
			dennan, dei
sidef.:	*denna*	*denn* eller *dennaan*	*di* eller *denni*
			i allek. fl·
			dennaam

*) nn ikkje i-fengen i dei peikande pronomeni.

Korleis ein brukar desse pronomeni kann ein sjaa av desse dømi: *denn hæssten,* den hesten (der). *Henn hæssten,* den hesten (her). *De-denn hæssten,* denne hesten (der). *De-henn hæssten,* denne hesten (her).

i mannk.		i kvendk.		i inkjek.	
denn-denn					
de-denn	denne	*denn-denna*	denne	*denn-denne*	dette
denn-dennin	der	*de-denna*	der	*de-denne*	der
de-dennin					

i allek. fleirta

denn-dennan	desse
de-dennan	der

	i mannk.	i kvendk.	i inkjek.,
Sidef. :	*denn-denna*	*denn-denn*	*denn-denni*
	de-denna	*de-denn*	*de-denni*
		denn-dennaan	*di-denni*
		de-dennaan	

i allek. fleirtal

denn-dennaam
de-dennaam

i mannk.,		i kvendk.		i inkjek.	
henn	denne	*henna*	denne	*henne*	dette
hennin	her		her		her

i allek. fleirtal
hennan, desse her.

	i mannk.	i kvendk.	i inkjek.
Sidef. :	*henna*	*henn* eller *hennaan*	*henni*

i allek fleirtal
hennaam

i mannk.		i kvendk.		i inkjek.	
denn-henn					
de-henn	denne	*denn-henna*	denne	*denn-henne*	dette
denn-hennin	her	*de-henna*	her	*de-henne*	her
de-hennin					

i allek. fl.

denn-hennan	desse
de-hennan	her

	I mannk.	i kvendk.	i inkjek.
Sidef. :	*denn-henna*	*denn-henn*	*denn-henni*
	de-henna	*de-henn*	*de-henni*
		denn-hennaan	*di-henni*
		de-hennaan	

i allek. fleirtal
denn-hennaam
de-hennaam

i mannk.		i kvendk.	i inkjek.
henn-henn / *henn-hennin*	denne her	*henn-henna*	*henn-henne*

i allek. fleirtal
henn-hennan

Sidef.: *henn-henna* *henn-henn* / *henn-hennaan*

i inkjek.
henn-henni

i allek. fleirtal
henn-hennaam

„Her“ heiter paa Sparbumaal *hen;* „der“ heiter *der,* men ogso *den; æ va den,* eg var der ɔ: paa den staden eg peiker paa.

Andre pronomen fær peikande tydning, naar dei er samansette med peikande pronomen.

a. soleis dei personlege pronomeni:

i eintal

hann-denn, han der	*hu-denn,* ho der
hanns-denn	*hennes-denn*
hannaam-denn	*henn-denn*
hann-henn, han her	*hu-henn,* ho her
hanns-henn	*hennes-henn*
hannaam-henn	*henn-henn*

i fleirtal:

dæmm-denn, dei der	*dærres-denn*
dæmm-henn	*dærres-henn*

(***h*** vert i samansetningarne so lett uttala, at han ofte kjem reint burt, og *dæmm-henn* eller *hann-henn* t. d. høyrest daa berre som *dæmmen* og *hannenn)*

b. samansett med eigedomspronomen: *minn(h)enn,* min(e) her; *dinn(h)enn,* dine her; *dinn-denn,* din(e) der; *vaarres henn,* vaare her.

(h) kjem her oftast burt i uttalen.

d. i samansetning med det ubundne pronomen *all* i former som *all(h)enn,* all denne (her), og *all-denn,* all denne (der).

Pronomeni som er samansette med *henn,* brukar talaren um det som er næmare eller nært, medan samansetningar med *denn* fær tydning av, at det som vert nemnt er noko lenger burte eller langt burte.

Til dei peikande pronomeni reknar ein og pronomenet *saammaa,* same. Det er ubøygt, naar det stend i lag med eit namnord (adjektivisk): *saammaa kjærringa,* same kjerringi; *saammaa bane,* same barnet; *saammaa karran,* same kararne. Utan namnord (substantivisk) hev det bøygningi:

I mannk.	i kvendk.	i inkjek.	i allek. fl.
saammaan	*saammaa'a*	*saammaae*	*saammaa'an*
i sidefall:			
saammaa'a	*saammaan*	*saammaai*	*saammaa'aam*

Med det bundne kjenneordet framfor seg hev det ei sovori bøygning:

i mannk.	i kvendk.	i inkjek.
denn saammaan	*denn saammaa'a*	
de saammaan	*de saammaa'a*	*de saammaae*
denn saammaa	*denn saammaa*	*de saammaa*
denn saammaain		

	I mannk.	i kvendk.	inkjek.	i allek. fl.
Sidef.:	*denn saammaa'a*	*denn saammaan*	*de saammaai*	*de saammaa'aam*

Pronomenet *slik,* slik, finst i ei mengd med former, helst med det ubundne kjenneordet framfor seg.

I mannk.	i kvendk.	inkjek.	i allek. fl.
ein slik ein	*ei slik ei*	*eitt slikt eitt*	*naan*) slik*
ein slekken	*ei slekken*	*eitt slekken*	*slekken*
ein slekkan	*ei slekkan*	*eitt slekkan*	*slekkan*
ein slekka	*ei slekka*	*eitt slekka*	*slekka*

(*ein, ei* og *eitt* vert ofte uttala *enn, i* og *i* framfor pronomenet).

I samansetningar finst det i former som: *anna-slekta* og *slekt-naa,* slikt noko.

Pronomeni: *Bægge* og *baa,* baae; ***sjøl,*** sjølv, er ubøygjelege. *Naa taa baa,* noko av kvart; ***sjøl**-aass,* oss sjølve.

(Pronomenet *saann,* sovoren hev ***t*** i inkjekyn, elles er det ubøygjelegt).

Attervisande pronomen er *somm,* som.

Spyrjande pronomen er *kenn,* kven, og *ka,* kva; *kæmm sinn,* kven sin; *kæmm-aatt,* kven aat, og *koffer,* kvifor.

Dei ubundne pronomeni.

mannk.	kvendk.	inkjek.	allek. fleirtal
all, all	*all,* all	*ahlt,* alt	*all,* alle
*annan,**)* annan	*anna,* onnor	*anna,* anna	*anna,* andre
			anner og *ann*
enn ann, ein annan	*i anna,* ei anna	*i anna,* eit anna	
annern, den andre	*annerå,* den andre	*annere,* det andre	
			allek. fleirtal
			anneran, dei andre

	mannk.	kvendk.	inkjek.	allek. fleirtal.
Sidef.:	*annera*	*annern* / *anneraan*	*anneri*	*anneraam*

*) *naan,* nokre.

**) nn i *annan, anna* hev ikkje i-ljod i seg.

mannk.	kvendk.	inkjek.
innkvann, einkvar	*innkva*, eikor	*innkva*, eitkvart
	innkvann	*innkvalt*

mannk.	kvendk.	inkjek.	allek. fl.
ingen / *ingjen* } ingen	*inga*, ingi	*itt-naa*, inkje (noko)	*ingen* / *ingjen* } ingen
kvar, kvar	*kvar*, kvar	*kvalt*, kvart	

mannk.	kvendk.	inkjek.	allek. fl.
mang-enn, mang ein	*mang-i*, mang ei	*mangt-i*, mangt eit	*mang*, mange

mannk.	kvendk.	inkjek.	allek. fleirtal
naan, nokon	*naa'a*, nokor	*naa* ell. *naakkaa* } noko	*naan*, nokre
		sommt, sumt	*somm*, sume

Framleis *ein (enn)*, ein; *de*, det, og *hann*, han. *Ein kjæmm mang stann*)*, ein kjem mange stader; *de rængne*, eller *hann rængne*, for: det regner, eller han regner.

Talordi.

Grunntali er: *ein*, ein; *ei*, ei; *eitt*, eit; *to*, tvo; *tri*, tri; *fir*, fire; *fæmm*, fem; *sæks*, seks; *sju*, sju; *aatt*, aatte; *ni*, ni; *ti*, ti; *ølløv* el. *ellev*, elleve; *taall*, tolv; *trætt'n*, trettan; *fjolt'n*, fjortan; *fæmmt'n*, femtan; *sækst'n*, sekstan; *søtt'n*, syttan; *at'n*, attan; *nett'n*, nittan; *tju*, tjuge; *ein aa tju*, ein og tjuge; *trædve*, tretti; *førreti*, fyrti; *fæmmti*, femti; *sæksti*, seksti; *søtti*, sytti; *aateti*, aatteti; *netti*, nitti; *honner*, hundrad; *tus'n*, tusund.

Grunntali vert bøygde etter det bundne kjenneordet, naar talordet stend utan namnord til:

*) nn utan i-ljod.

mannk.	kvendk.	inkjek.	allek. fl.
denn ein ell. *denn einin,*	*denn eina,*	*de eine,*	*de toan,*
den eine	den eine	det eine	dei tvo
Sidef.: *denn eina*	*denn ein*	*denn einaan*	*de eini*
			allek. fl.
			de toaam

Elles er dei ubøygde: *den ein veikja.*

Rekkjetali er: *denn føsst,* fyrste; *anner,* andre; *treddi,* tridje; *fjer,* fjorde; *fæmmt,* femte; *sjet,* sette; *sjuan,* sjuande; *aattan,* aattande; *nian,* niande; *tian,* tiande; *olløft,* ellevte; *taahlt,* tolvte; *trættan,* trettande; *fjoltan,* fjortande; *fæmmtan,* femtande; *sækstan,* sekstande; *søttan,* syttande; *atan,* attande; *nettan,* nittande; *tjuan,* tjugande; *denn einn aa tjuan,* den ein og tjugande; *trædeft,* trettiande; *førretian,* fyrtiande; *fæmmtian,* femtiande; *sækstian,* sekstiande; *søttian,* syttiande; *aatetian,* aattiande; *nettian,* nittiande; *honneran,* hundrade; *tus'nan,* tusunde.

Med det bundne kjenneordet fram for seg eller utan avmerkjingsord vert rekkjetali bøygde, naar dei ikkje stend i lag med eit namnord (substantivisk):

mannk.	kvendk.	inkjek.	allek. fl.
føsst'n og *føsstin*	*føssta*	*føsste*	*føsstan*
nettanan	*nettana*	*nettane*	*nettanan*
Sidef.: *føssta*	*føsst'n* og *føsstaan*	*føssti*	*føsstaam*
nettana	*nettanaan*	*nettani*	*nettanaam*

Kjenneordi.

Det ubundne kjenneordet er *ein* og *enn,* ein; *ei* og *i,* ei; *eit* og *i,* eit; *ein, ei* og *eit* vert berre

bruka med ettertrykk. Det finst i eintal i formerne: *i eina — i ein — i eini*, i fleirtal i formi: *i einaam*, som alle svarar i tydning til *i einingaam* ɔ: til kvar tid. Med tydningi „paa lag“ vert alltid mannkyns-formi *enn* bruka: *enn trætt'n fjoltn*, ei trettan fjortan; *enn aatt stykkj*, ei aatte stykke.

Det bundne kjenneordet er *denn*, den; *denn*, den; *de*, det; *de*, dei; *denn storfaassen*, den store fossen, og *de storfaassan*, dei store fossarne. I enden av namnordet heiter det *'n* i mannkyn, eller det fær ingi ending men berre tvostavings tonelag; *'a* i kvendk. og *e* i inkjek. t. d. *mann'n*, mannen; *baat'n*, baaten; *sola*, soli; *huse*, huset.

Gjerningsordi.

Dei sterke gjerningsordi hev *-aa* eller *-i* eller ingi ending i nemnemaaten, soleis berre roti med tvo-stavings tonelag, som ho hev halde paa i fyrste, tridje, fjorde og sette rekkja.

Etter ljodsprangi skil dei seg ut i seks rekkjor som i landsmaalet.

Bøygnings-formerne vil eit gjerningsord som t. d. *faarraa*, fara, gjeva ei nokolund framsyning av.

Aa faarraa, aa fara, heiter

	i notid.	i fortid.
Forteljemaate:	*fer*, fer	*for*, for
Bjodemaate:	*faarraa*, { far / fare }	
Eigenskapsmaate:	*faarraa'an*, farande	*ferri*, fare

Fyrste rekkja.

Nemnemaate.	notid forteljem.	fortid forteljem.	fortid eigenskapsm.
finn, finna;	*finn*, finn;	*fann*, fann;	*fynni* / *fonni* } funne

Nemnemaate.	notid forteljem.	fortid forteljem.	fortid eigenskapsm.
dætt, detta;	*dætt,* dett;	*datt,* datt;	*døtti,* dotte.

Som *finn* gjeng: *spinn,* spinna; *spreng,* springa; *brinn,* brenna; *rinn,* renna.

Som *dætt: glæpp,* gleppa; *slæpp,* sleppa; *glætt,* gletta; *smætt,* smetta; *værp,* verpa.

Ikkje logrette er:

*høgg**),* hogga	*høgg,* høgg	*høgg,* hogg	*hyggji,* hogge
tygg, tyggja	*tygg,* tygg	*tøgg,* togg	*tyggji,* togge
søng, syngja	*søng,* syng	*saang,* song	*syngji,* sunge
søkk, søkka	*søkk,* søkk	saakk, sokk	*sykkji,* sokke
træng, trenga	*træng,* treng	*traang,* trong	*trøngt,* trunge
slæng, slengja	*slæng,* sleng	*slaang,* slong	*sløngt,* slunge *slyngji*

Andre rekkja.

draappaa, drepa	*drep,* drep	*drap,* drap	*dreppi,* drepe
gji, gjeva	*gji,* gjev	*ga,* gav	*gjitt,* gjeve
setti, sitja	*sett,* sit	*sat,* sat	*setti,* sete
baarraa, bera	*ber,* ber	*bar,* bar	*berri,* bore.

Soleis: *staallaa,* stela, og *skjørraa,* skjera

Ikkje logrette:

eta),* eta	*et,* et	*aat,* aat	*iti,* ete
kaammaa, koma	*kjæmm,* kjem	*komm,* kom	*kommi,* kome
liggji, liggja	*ligg,* ligg	*laag,* laag	*liggji,* lege
sjaa, sjaa	*sjer,* ser	*saag,* saag	*sjett,* set
saavvaa, sova	*søv,* søv	*saav* / *søv* } sov	*søvvi,* sove
vaarraa, vera	*e,* er	*va,* var	*verri,* vore.

*) eldre form *aattaa.*

**) eller: *høugg.*

Tridje rekkja.

bit, bita	*bit,* bit	*beit,* beit	*bitti,* bite
riv, riva	*riv,* riv	*reiv,* reiv	*revvi,* rive

Som *riv* gjeng: *slit,* slita; *ri,* rida; *skriv,* skriva; *driv,* driva; som *bit: sig,* siga.

Fjorde rekkja.

nyt, njota	*nyt,* nyt	*naut**), naut	*nøtti,* note
flyg, fljuga	*flyg,* flyg	*flaug,* flaug	*flyggji,* floge
styp, stupa	*styp,* styp	*staup,* staup	*støppi,* stope
gjyv, gyva	*gjyv,* gyv	*gauv,* gauv	*gøvvi,* gove

Som *nyt: by,* bjoda; *bryt,* brjota; *flyt,* fljota; *frys,* frjosa

Som *flyg: lyg,* ljuga; *smyg,* smjuga; *stryk,* strjuka; *ryk,* rjuka.

Som *styp: dryp,* drjupa; *kryp,* krjupa; *syp,* supa; *syg,* suga.

Femte rekkja.

faarraa, fara	*fer,* fer	*for,* for	*ferri,* fare
ta, taka	*te,* tek	*to,* tok	*ti,* teke
slaa, slaa	*sler,* slær	*slo, slo*	*sli* / *sli* } slege

Som *faarraa: graavvaa,* grava; *gaallaa,* gala; *gnaaggaa,* gnaga; *draaggaa,* draga; *skaavvaa,* skava.

(Aa *flaa,* flaa og *klaa,* klaa er linne).

Ikkje logrette:

døy, døy	*døyr,* døyr	*do,* do	*doi,* daae

---

*) som au med ein liten ö-ljod i seg.

fell, fella	*fell,* fell	*fall,* fall	*fylli,* falle
løyp, laupa	*løyp,* løyp	*laup,* laupte	*løppi,* laupe
le, læ	*ler,* lær	*lo,* log	*ledd* *loi* } lætt
staa, standa	*staar,* stend	*sto,* stod	*steddi* *stoi* } stade
svær,)* sverja	*svær,* sver	*svor,* svor	*svørri,* svore
tre, treda	*tre,* tred	*tredd,* trod	*treddi,* trade
vaaggaa, vega	*veg,* veg	*vog,* vog	*viggji,* vege
væks, veksa	*væks,* veks	*vaks,* voks	*vøksi,* vakse
vaavvaa, veva	*vev,* vev	*vov,* vov	*vevvi,* vove

Sette rekkja.

blaas, blaasa	*bles,* blæs	*bles,* bles	*blaasi* *blessi* } blaase
faa, faa	*fe,* fær	*fekk,* fekk	*faatt,* faatt
gaa, gaa	*gaar,* gaar	*gjikk,* gjekk	*gaatt,* gaatt
graat, graata	*gret,* græt	*gret,* gret	*graati,* graate
haall, halda	*hell,* held	*holl,* heldt	*hylli* *holli* } halde
hæng, hanga	*hæng,* heng	*haang,* hekk	*hyngji,* *hongji* } hange
lett, avlata	*lett,* avlet	*lett,* avlet	*letti,* avlate
lætt, lata	*lætt*	*lætt*	*(lætt)*
laat, laata	*let,* læt	*let,* let	*laati* *letti* } laate

Bjodemaaten av gjerningsordet hev same formi som i nemnemaaten og vert ikkje bøygd.

Fortid ynskjemaate finst av *vaarraa,* vera og er aalment bruka: *vo:* køre; *vo æ rik* eller *væ rik* ɔ: køre eg rik.

---

*) lang vokal i roti i gjerningsord som i landsmaalet endar med -ja.

Dei ***linne*** *gjerningsordi* hev ikkje *-i* i nemnemaaten og *e* eller ingi ending for *-er* og *ar* i landsmaalet.

Bøygningsformerne kann ein sjaa av gjerningsordet *aa dømm,* aa døma.

Aa dømm, aa døma heiter

	i notid	i fortid
Forteljemaate:	*dømme,* dømer	*dømmt,* dømde
Bjodemaate:	*dømm,* { døm / døme }	
Eigenskapsmaate:	*dømman,* dømande	*dømmt,* dømt

Fyrste rekkja.

tæl, telja	***tæl,*** tel	***tæld,*** talde	***tæld,*** talt
døl, dylja	***døl,*** dyl	***døld.*** dulde	***døld,*** dult
sætt, setja	*sætt,* sett	*sætt,* sette	*sætt,* sett

Som ***tæl:*** ***væl,*** velja; ***skjæl,*** skilja; ***skjøl*** skylja. Som *sætt: sæll,*)* selja (fortid *sællt).*

Merknad: *aa tru,* vert bøygd slik:

tru, tru	*trur,* trur	*trudd,* trudde	*trudd,* trutt.

Soleis: *bu, snu, gaa* (leggja merke til), *naa, saa, traa, sy,* ***blø,*** *fø,* føda, og *ro.*

Andre rekkja.

dømm, døma	*dømme,* dømer	*dømmt,* dømde	*dømmt,* dømt
lys, lysa	*lyse,* lyser	*lysst* / *løsst* } lyste	*lysst,* / *løsst* } lyst
dry, drygja	*drye,* drygjer	*drøgd,* drygde	*drøgd,* drygt

*) ll utan i-ljod.

Soleis: *møt,* møta; *bløyt,* bløyta; *glømm,* gløyma; *næmn,* nemna; *tøy,* tøygja, heiter i fortid *tøgd.* Som *tøy* gjeng: *bøy,* bøygja; *pløy,* pløgja; *nøy,* nøgja; *hør,* høyra; *tæl,* telja; *følgj,* fylgja; *sørgj,* syrgja.

Merknad: Ending paa d i fortid alltid etter *(d), g, v, l* og ending paa *t* alltid etter *k, p, s, t* og *nn.*

Ein plar merka seg bøygningi aat desse ordi:

rekkj, rekkja	*rekkje,* rekkjer	*rækkt,* rakte	*rækkt,* rakt
gjørraa, gjera	*gjær,* gjer	*gjol,* gjorde	*gjolt,* gjort
tykkj, tykkja	*tykkje,* tykkjer	*tøkkt,* tykte	*tøkkt,* tykt
ti, tegja	*tie,* tegjer	*tagd* / *tidd* } tagde	*tagd* / *tidd* } tagt
tekkj, tekkja	*tekkje,* tekkjer	*tækkt,* takte	*tækkt,* takt
vekkj, vekkja	*vekkje,* vekkjer	*vækkt,* vakte	*vækkt,* vakt
sei, segja	*seie,* segjer	*sa,* sa	*sakkt,* sagt

Tridje rekkja.

kasst, kasta	*kasste,* kastar	*kassta,* kasta	*kassta,* kasta
laaggaa, laga	*laaggaa,* lagar	*laaggaa,* laga	*laaggaa,* laga

Som *kasst*: *bak,* baka; *straakk* (fara vidt umkring) *fertænn*),* fortinna; *takk,* takka; *kaasst,* kosta; *kost,* kosta (med ein kost) osbr.

Som *laaggaa: baakkaa,* (eldre form for bak); *straakkaa;* (eldre form for *straakk); fertaannaa**) (eldre form for *fertænn); kaallaa (kaallaa sæ samen,* kara seg saman), *kaarraa,* kara; *gaannaa*),* gana.

---

*) nn utan i-ljod.

Ikkje logrette:

aus, ausa	*ause,* øys	*aust,* auste	*aust,* aust
æg, eiga	*æg,* eig	*aatt,* aatte	*aatt,* aatt
haa, hava	*hi,* hev	*ha,* hadde	haft, havt
kann, kunna	*kann,* kann	*konn,* kunde	*konna,* kunna
	ska, skal	*skoll,* skulde	*skolla,* skula
vill, vilja	*vill,* vil	*villa,* vilde	*villa,* vilja
vaattaa, vita	*veit,* veit	*vesst,* visste	*vessta,* visst

Atterverkande gjerningsord hev halde paa *a'*en i nemnemaateformi:

finnas, finnast	*finnst,* finst	*fanns,* fanst	*fynnis* / *fonnis* } funnest
vænnas *), venjast	*vennes,* venst	*vænntes,* vandest	*væntes,* vanst
synas, synast	*synes,* synest	*syntes,* syntest	*syntes,* synst
aattas, ottast	*aattes,* ottast	*aattas,* ottast	*aattas,* ottast.

Eigenskapsmaaten: *finnanes,* finnande.

Bindeordi.

Sideordnande: *aa,* og; *baade-aa,* baade-og; *ell(er),* eller; *hell(er),* eller; *itt hann aa itt hu hell,* korkje han eller ho.

ennt'n — (h)ell, anten — eller; *menn**), men.

Underordnande: *att,* at; *da,* daa; *ennda,* endaa; *ferdi,* fordi; *inan,* innan; *maaddaa,* medan; *naar,* naar; *saa frammt,* so framt; *omm,* um.

---

*) nn utan i-ljod i dette ordet.

Samansetning.

Korleis namnord vert samansette kann ein sjaa av desse dømi:

sannjol, sandjord; *takstein,* takstein; *kaangsgaal,* kongsgard; *ryggtakk,* ryggjetak; *hagablomster,* hageblom; *vækkasbla,* vikeblad; *aarstal,* aarstal; *mærkjesgal,* merkesgard; *daaggaatal,* dagetal; *bøgdafølk,* bygdarfolk.

Namnord og eigenskapsord vert samansette so:

Hannfasst, handfast; *olstø,* ordstød; *makalaus,* makelaus; *storbaat,* storbaat; *onghæsst,* unghest; *(lihlfenger,* litlefinger*)*; *jammaller,* jamaldre.

Er fyrste ordet eit gjerningsord, er det jamnast *ar* eller ingi ending i samansetningi:

Lerbok, lærebok; *reisfærdi,* reiseferdig; *lesarban,* lesarbarn; *rennarbakki,* rennarbakke.

Sparbumaal.

I gamme**l** kaannaa fertæ**l**:

Aa de hi vi sengni omm, att'e va sjø der Meresmyraan ligg no. De hi fonnis skje**l** i leiri der, aa de skoll ty paa, att'e hi verri sjøbaatt'n ell fjurru før i ti'n. Sjø'n f**l**ødd aaver, der vi no hi Vesst aa va**l**t te enn fjo**l** dæmm kalla Laankfjo**l**'n.

Aavvaafer myrn ligg e denn dag idag enn gaa**l** somm heite Laankan.

Ein annan gaa**l** heite Hamrem. Hann ska ha faatt namn ætti i hamn, de skoll vaarraa der denn gaangjen sjø'n f**l**ødd aaver myraan. I søvæsst fer Hamrem ligg e enn gaa**l** somm heite Kaaber. Hann ska vaarraa oppkalla ætti

Landsmaalet.

Ei gamall kona fortel:

Og det hev me segner um, at det var sjø der Mæremyrarne ligg no. Dei hev funne skjel i leiret der, og det skulde tyda paa, at det hev vore sjøbotn eller fjøra fyrr i tidi. Sjøen flødde yver, der me no hev Vist og vart til ein fjord dei kalla Laankfjorden.

Ovanfyre myri ligg det den dag i dag ein gard som heiter Laankan.

Ein annan gard heiter Hamrem. Han skal hava faatt namn etter ei hamn, det skulde vera der den gongen sjøen flødde yver myrarne. I sudvest for Hamrem ligg det ein gard som heiter Kaaberg. Han skal vera uppkalla etter

bærgji somm ligg oppfer gaa*l*a. De e no ve*l* rætt sannt aa de ja, fer dæmm kalla bærgje Kaabb-bærgje. Kaabbin holl te der før i ti'n.

I bærg somm ligg længer ne va kalla Finnstubærgje, aa vi veit omm de att'e budd finna der.

Finnstu somm dæmm budd ti, va bærre i lita høtt, aa dæmm ella paa ein f*l*at stein inni der.

Denn stein'n e enno aa sjaa aa sletta somm høtta sto paa.

De-denne e no gamme*l*t aa de ja, aa vo e no naan somm va meir minnau — sjaa, ein g*l*ømme da taa di — saa konn enn ve*l* vaattaa meir aa sei taa aa. De sett ti mæ somm æ hi hø*l*d meir, menn æ kjæmm da itt paa e.

Dæmm hi no vessta aa fertæ*l*d kor'n Olaf lanna da'n komm te Mere aa. De ligg my stein der, aa dæmm fann pila aa spjøtødda, menn dæmm datt

berget som ligg uppfyre garden. Det er no vel rett sannt og det ja, for dei kalla berget Kobbberget. Kobben heldt til der fyrr i tidi.

Eit berg som ligg lenger ned var kalla Finnstuberget, og me veit um det at det budde finnar der.

Finnstova som dei budde i, var berre ei liti hytta, og dei elda paa ein flat stein inni der.

Denne steinen er endaa aa sjaa og sletta som hytta stod paa.

Dette der er no gamalt og det ja, og være det no nokon som var meir minnug — sjaa, ein gløymer daa av det — so kunde ein vel vita meir aa segja utav og. Det sit i meg som eg hev høyrt meir, men eg kjem daa ikkje paa det.

Dei hev no vist aa fortelja, kor han Olav landa, daa han kom til Mære og. Det ligg mykje stein der, og dei fann pilar og spjotoddar, men dei datt i

i stykj saa opprøsta va dæmm, da dæmm va*l*t fynni.

Dæmm ha no avgua aa, sjaa, før i ti'n, aa ætti somm de hi verri sakkt, skoll dæmm vaarraa gjømmt paa læmma i Mereskjerkaan.

Dæmm hi no itt verri aa fonnis nei, saa ventele hi dæmm kommi bo*l*t. Ligg dæmm no aa raakkaas naan stass, saa e no ve*l* naan somm finn dæmm, vess dæmm itt e ste*ll*i ell brennt.

Mereskjerka e gamme*l*. Dæmm skoll vaarraa usams omm kor kjerka skoll staa; somm villa haa a paa Mere, aa de va dæmm somm villa haa a paa Aunhaugaam paa Skjei aa. Dæmm sa taa, at ætti kva*l*t somm dæmm bøgd paa Aunhaugaam omm da'n, reiv naan ann e ne om natta, fø*l*d saa stein'n te Mere aa sætt opp kjerka der. Somm sa, de va jutula somm kasta stein'n ifraa Skjesbakkaam aa te Mere. De va*l*t no kjerk paa Mere, koles dæmm

stykkje, so upprusta var dei, daa dei vart funne.

Dei hadde no avgudar og, sjaa, fyrr i tidi, og etter som det hev vore sagt, skulde dei vera gøymde paa lemmen i Mærekyrkja.

Dei hev no ikkje vore aa funne nei, so venteleg hev dei kome burt. Ligg dei no og rek nokon stad, so er det no vel nokon som finn dei, um dei ikkje er stolne eller brende.

Mærekyrkja er gamall. Dei skulde vera usams um, kor kyrkja skulde staa; sume vilde hava ho paa Mære, og det var dei som vilde hava ho paa Aunhaugarne paa Skei og. Dei sa utav, at etter kvart som dei bygde paa Aunhaugarne um dagen, reiv nokre andre det ned um notti, førde so steinen til Mære og sette upp kyrkja der. Sume sa, det var jøtlar som kasta steinen ifraa Skeisbakkarne og til Mære. Det vart no kyrkja paa Mære, korleis dei for no

for no aat me di da; de valt no vel naaless naar 'a inkoles kom, ventele. Hu he no vel vorti annsless Mereskjerka aa igjønnøm tia. Men ahlt de-denne va no ferri minn dag.

aat med det daa; det vart no vel nokorleis, naar ho eikorleis kom, venteleg. Ho hev no vel vorti annarleis Mære-kyrkja og igjenom tidi. Men alt dette der var no fyre min dag.

